
Saksnr: 2020/858-10
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Fylkesrådmannen orienterer om status i høve arbeidet med personvernlov

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå fylkesrådmannen om status i høve arbeidet med personvernlov til orientering.
2. Kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status i høve dette arbeidet til kontrollutvalet sitt møte 21.09.2021. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 31.08.2021

Samandrag

Føremålet med denne saka er at kontrollutvalet skal verta oppdatert på status i arbeidet med innføring av personvernlov (GDPR) i Vestland fylkeskommune.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådjever

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Status for arbeidet med personvern

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

EUs personvernforordning, General Data Protection Regulation (GDPR) er vedteken og vart gjeldande for Noreg frå 20. juli 2018. Dette medfører ei rekke endringar i norsk personvernlovgiving. All handsaming av personopplysningar skal gjennomførast i tråd med dei nye lovreglene. Arbeid med å tilrettelegge for å sikre oppfølging av regelverket vil difor vera ei viktig oppgåve for kommunane i tida framover.

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune fekk orientering om status for dette arbeidet i møte 05.02.18 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen til neste møte svare skriftleg på dei 7 spørsmåla som går fram under drøftingspunktet over når det gjeld status i arbeidet med tilpassing til ny personvernlov. Det skriftlege svaret bes levert sekretariatet innan 27.02.2018.*
2. *I tillegg ber kontrollutvalet fylkesrådmannen om å komme i møte 12.03.2018 for å orientere munnleg om saka.*

Dei 7 spørsmåla det vert vist til i punkt 1 i vedtaket lyd slik:

1. Er det nokon som jobber med ny personvernlov?
2. Er det laga protokoll som viser kva som er samla inn av personopplysningar?
3. Er det inngått databehandlaravtalar, og er desse oppdatert?
4. Er det oppretta personvernombod/rådgiver?
5. Er personvernerklæringa oppdatert?
6. Er det innebygd personvern i datasystemer?
7. Er det vurdert å få vennligsinna hackere til å teste datasystemer?

Kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune har fått informasjon om saka ved 4 tidlegare høve og kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune har fått informasjon om status i høve arbeidet med personvernlova ved 2 tidlegare høve, seinast i møte 15.02.2020 der det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune tar informasjonen frå fylkesrådmannen til orientering.*
2. *kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg og munnleg orientering om status i høve arbeidet med personvernlov i kontrollutvalet sitt møte 25.11.2020. Den skriftlege orienteringa vert å sende sekretariatet innan 04.11.2020*
3. *Det er ønskjeleg at det nye personvernombodet og den nye personvernrådgjevaren deltar i den munnlege orienteringa.*

Grunna stor saksmengde til møtet i kontrollutvalet 25.11.2020 vart det send melding til fylkesrådmannen 15.10.2020 om at denne saka vert utsett til møte i kontrollutvalet 17.02.2021 med frist for levering av sakstilfang til sekretariatet innan 27.01.2021.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse i sak der utvalet vil innhenta informasjon, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte skriftlige svar i tråd med vedtak over frå 15.02.2020, jf. vedlegg. Av tilbakemeldinga går det m.a. fram at personvernombod, Therese Solbjør Wathne, starta sitt arbeid i Vestland fylkeskommune 01.09.2020. Vidare går det fram at det også er tilsett ny personvarnrådgjevar som skal starte opp sitt arbeid frå 09.03.2021. Fram til dette vil det vera Geir Ove Hall Johnsen som er fungerande personvernrådgjevar. Det går også fram av tilbakemeldinga at det er oppnemnd personvernkoordinatorar i alle avdelingar og ved alle skular, tilsaman 67 personar.

Sekretariatet har vidare merka seg at det framleis er ein del rutinar og arbeid på området som ikkje er ferdig utarbeidd/gjennomført. Dette gjeld t.d. føring av protokollar for behandling av personopplysningar, betring av rutinar for handtering av brot på personopplysningstryggleiken, rutinar for handtering av avvik, arbeid med databehandlaravtalar inn i digitaliseringsdirektoratet sin mal. Etter planen skal ein del av dette arbeidet vera ferdig i løpet av første halvdel av 2021.

Det er i tillegg til den skriftleg informasjonen som ligg ved saka, avtalt at personvernombodet og fungerande personvernrådgjever vil orientere munnleg om saka i møtet, og svare på eventuelle spørsmål frå kontrollutvalet.

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i den munnlege orienteringa frå personvernombodet i møte vert det tilrådd at kontrollutvalet tek informasjonen til orientering. Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om å få ny skriftleg orientering om status på området til kontrollutvalet sitt møte 21.09.2021, med levering av sakstilfang til sekretariatet innan 31.08.2021.